


ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN

2016 – 2020



Innhold

Feil! Bokmerke er ikke definert.	Føremål med løyvepolitikken.....	3
2	Handsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve	3
2.1	Delegering.....	3
2.2	Sakshandsamingsreglar	3
3	Løyve	4
3.1	Typar løyve	4
3.2	Tildeling av alminneleg skjenkeløyve	4
3.3	Vilkår for å få alminneleg skjenkeløyve.....	5
3.4	Tildeling av løyve ved einskildhøve	5
3.5	Tildeling av ambulerande skjenkeløyve	5
3.6	Tildeling av salsløyve	6
4	Kontroll med sals- og skjenkestader	6
4.1	Kontrollplan for skjenkestadar:	6
4.2	Kontrollplan for salsstadar:	6
4.3	Reaksjonar på brot på alkohollova	7
5	Sals- og skjenkegebyr	7
6	Klage og klagehandsaming	7
7	Retningsliner / kriterium for tildeling av sals- og skjenkeløyve	7
7.1	Følgjande verksemder / driftskonsept kan få alminneleg skjenkeløyve :.....	7
7.2	Det vert ikkje gjeve alminneleg løyve til :.....	8
7.3	Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til :.....	8
8	Reaksjonar ved brot på alkohollova og vilkår for løyve	9

1 FØREMÅL MED LØYVEPOLITIKKEN

Kommunen skal regulere omsetting av alkohol, slik at ein i størst mogleg grad avgrensar samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan medføre, derimellom avgrense forbruk av alkoholhaldige drikkevarer i lokalsamfunnet.

Det er særleg tenleg med:

- Felles retningslinjer for sals- og skjenketider av omsyn til mellom anna trafikktryggleik i helgane og like vilkår i bransjen i heile regionen.
- Felles kontrollorgan, eller at kontrollorgana har felles praksis når det gjeld frekvens av kontrollar.
- Lik praksis for reaksjonar på brot på alkohollova.
- Opplæring av løyvehavarar.

Løyvepolitikken er også viktig med omsyn til folkehelsa. Dette vil særleg gjelde kommunen sin politikk med omsyn til skjenketider, og tilgjenge til alkohol. Kommunen må elles legge til rette for rusfrie soner.

2 HANDSAMING AV SØKNADER OM SALS- OG SKJENKELØYVE

Kommunen er ansvarleg for den utøvande løyvepolitikken og for kontroll av sals- og skjenkestadar etter den alkoholovgjevinga som til ei kvar tid gjeld.

Løyveperioden er inntil 4 år. Alle løyve som vert gjevne i medhald av denne planen skal såleis gjelde fram til og med 30. september 2020.

Ut over reglane og retningslinene her gjeld reglane i alkohollova, med forskrifter.

2.1 Delegering

[Delegasjonsreglement finn de på heimesida.](#)

2.2 Sakshandsamingsreglar

Før alminneleg sals- og skjenkeløyve vert gjevne til ein serveringsstad, skal det ligge føre løyve etter lov om serveringsverksemd (serveringslova). Søknad om løyve skal innehalde teikning og kart over skjenkearealet. Skjenkearealet skal vere tydeleg definert og avgrensa. Søknader som manglar vesentleg dokumentasjon eller opplysningar, skal sendast i retur for ferdigstilling.

2.2.1 Uttale frå skatte- og avgiftsmynde

Det skal innhentast uttale frå skatte- og avgiftsmynde i samband med handsaming av søknader om alminneleg sals- og skjenkeløyve.

2.2.2 Uttale frå politiet

Søknader om alminneleg sals- og skjenkeløyve og opne einskildarrangement skal sendast til politiet for uttale. Unnataket er slutta lag, der politiet får melding om vedtak. Politiet vurderer politimessige sider av søknaden, som til dømes tryggleik, trafikale omsyn, omsyn til offentleg ro og orden og om det er andre tilhøve ved skjenkestaden, lokalisering og verksemda som tilseier at ein ikkje kan tilrå søknad. Politiet skal i samsvar med lovverket gje uttale om søkjar og ansvarlege juridiske personar sin vandel dei siste 10 åra.

2.2.3 Uttale frå sosialtenesta

Ved handsaming av alle søknader, med unnatak for dei som gjeld slutta lag, skal det innhentast uttale frå kommunen sin sosialteneste som har ansvar for å vurdere søknaden ut frå eit sosialpolitisk og helsemessig perspektiv.

2.2.4 Særskilt om løyve for einskildhøve

Politiet og helsefagleg mynde skal få søknaden til uttale. Ved einskildhøve er administrasjonen helsefagleg mynde av omsyn til sakshandsamingstid.

Sakshandsamarane i samarbeidskommunane bør ha jamlege samarbeidsmøte for å drøfte/samordne ulike problemstillingar i høve sakshandsaming og rutinar.

3 LØYVE

3.1 Typar løyve

- | | |
|---------------------|---------------------|
| • Gruppe 1 | Mellom 2,5 og 4,7 % |
| • Gruppe 2 | Mellom 4,7 og 22% |
| • Gruppe 3 | Mellom 22 og 60% |
| • Alkoholfri drikk | Inneheld under 0,7% |
| • Alkoholsvak drikk | Mellom 0,7 og 2,5% |

3.2 Tildeling av alminneleg skjenkeløyve

Kommunen ser det ikkje som tenleg å sette tak for talet på skjenkeløyve. Kommunen tildeler løyve etter lov- og planverk. Eit alminneleg løyve skal knytast til eit bestemt, definert konsept jf. kap. 7.1. Følgjande verksemdar / **driftskonsept** kan få alminneleg skjenkeløyve :Det skal førast ei restriktiv line når det gjeld tildeling av løyve til nye typar konsept.

3.2.1 Skjenketider for alminneleg skjenkeløyve

Skjenketid er eitt av dei viktigaste verktya kommunen kan nytte som edruskaps-politisk verkemiddel. Kommunestyret vil praktisere ein relativt stram politikk med omsyn til skjenketider for å avgrense tilgjenge til alkohol og alkoholtypar på sein kveldstid og natt. Av omsyn til dei som bur i sentrumsområde er det føremålstenleg å ha ei avgrensing av skjenketida. Dette vil særleg vere aktuelt når det gjeld skjenketid på uteareal. Etter midnatt bør det som hovudregel vere ro i det offentlege rom.

3.2.1.1 Normal skjenketid:

- **Varegruppe 1 og 2** skal vere avgrensa mellom kl. 11.00 og kl. 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl. 11.00 og kl. 02.00 fredag og laurdag.
- **Varegruppe 3** skal vere avgrensa mellom kl. 13.00 og kl. 24.00 alle dagar.
- Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl. 09.00.
- Det er generell utvida skjenketid til kl. 02.00 for romjula (2. Juledag – 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter palmesøndag til 2. påskedag).
- Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl. 24.00 alle dagar.
- Skjenketida kan i einskilde høve utvidast, etter søknad.
- For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida for uteareal setjast lik skjenketida innandørs.
- Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikk må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut. Dette gjeld **ikkje** uteareal, der alkohol må takast med inn i skjenkelokalet.

3.3 Vilkår for å få alminneleg skjenkeløyve

Kommunen set vilkår for løyvet i samsvar med alminnelege forvaltningsrettslege reglar. Slike vilkår er:

- Skjenkestaden skal delta på fyrste moglege kurs i ansvarleg vertskap, så lenge kommunen tilbyr dette. Dette gjeld minimum styrar og vara. Ved skifte av styrar og vara gjeld same vilkåret.
- Internkontrollrutinar skal ligge ved søknaden. Nye drivarar skal levere dokumentasjon på slike rutinar innan 1 månad etter tildelt løyve.
- Dersom politiet krev at verksemda skal ha ordensvakter, vert dette sett som vilkår for løyvet.

3.4 Tildeling av løyve ved einskildhøve

Det kan gjevast løyve for einskildhøve i samsvar med alkohollova. Dette er opne arrangement i tilknytning til eitt bestemt høve, som er avgrensa opp til 5 dagar. Typiske døme er festivalar, konsertar og messer.

3.4.1 Skjenketider einskildhøve

Normal skjenketid vert som for alminneleg løyve jf. 3.2.1 Skjenketider for alminneleg skjenkeløyve. Men løyve for varegruppe 3 vert berre gjeve til arrangement retta mot matsservering.

3.4.2 Vilkår

Kommunen kan sette vilkår ved arrangement og normalt vil dette vere knytt til vakthald under arrangement, tryggleik og løyve til bruk av bygg/areal.

Dersom slike arrangement skal vere utandørs, i telt eller liknande bør det stillast vilkår om at arrangøren hentar inn godkjenning frå grunneigar. I samband med sakshandsaminga skal ein vurdere om det er behov for å stille krav om godkjenning frå mattilsynet, brannvernet og byggesaksavdelinga.

3.5 Tildeling av ambulerande skjenkeløyve

Det kan gjevast ambulerande løyve for skjenking til slutta lag. Med slutta lag meiner ein at det allereie før arrangementet tek til er danna eit slutta/privat krins av personar som samlast for eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Arrangementet er ikkje ope for andre. Eit slikt løyve kan omfatte øl, vin og brennevin. Døme på slutta lag er bryllaup, åremål, jubileum, firmafestar og liknande, der det vert omsett alkohol.

Arrangement som vert haldne av lag og foreiningar er ikkje å rekne som slutta lag.

Det er ikkje krav om skjenkeløyve i samband med private arrangement som bryllaup, åremål, jubileum og liknande så sant det ikkje vert teke betalt for drikke og huseigar kun leiger ut lokala til arrangementet.

Skjenketider for ambulerande løyve vert som for ordinære løyve, jf. 3.2.1 Skjenketider for alminneleg skjenkeløyve

3.6 Tildeling av salsløyve

Det er høve til å gje salsløyve for alkohol i varegruppe 1 til ordinære daglegvarebutikkar. Løyvet skal vere knytta til eit bestemt lokale.

Bensinstasjonar og kioskar kan ikkje få salsløyve. [Jf. forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk § 3-4.](#)

3.6.1 Salstider

Kvardagar: kl. 09.00 til kl. 20.00

Laurdag og dagar før heilagdag: kl. 09.00 til kl. 18.00.

Alkoholhaldige varer skal vere betalte før salstida er ute. Butikkane som sel alkohol skal ha tidssperre i kassa.

3.6.2 Vilkår

Kommunen set vilkår for løyvet i samsvar med alminnelege forvaltningsrettslege reglar. Slike vilkår er:

- Salsstaden skal delta på fyrste moglege kurs i ansvarleg vertskap, så lenge kommunen tilbyr dette. Dette gjeld minimum styrar og vara. Ved skifte av styrar og vara gjeld same vilkåret.
- Internkontrollrutinar skal ligge ved søknaden. Nye drivarar skal levere dokumentasjon på slike rutinar innan 1 måned etter tildelt løyve.

4 KONTROLL MED SALS- OG SKJENKESTADER

Skjenkekontrollen skal kontrollere løyve gitt av kommunen; både alminnelege skjenkeløyve, ambulerande løyve, løyve for einskildhøve og salsløyve.

Den kommunale kontrollplikta omfattar ikkje A/S Vinmonopolet sine utsal eller løyve til engrossal.

Kontrollane skal til ei kvar tid gjennomførast i samsvar med kravspesifikasjon og eventuelle pålegg gitt av kommunen. Kontrollane skal utførast i nært samarbeid med kontaktpersonen i kvar kommune. Talet på kontrollar for sals- og skjenkekontrollar skal vere i samsvar med [alkoholforskrifta § 9.7.](#)

4.1 Kontrollplan for skjenkestadar:

- 2/3 av kontrollane skal skje fredag og laurdag frå kl. 23.00 og fram til stenetid. Halvparten av desse skal skje ved skjenkestaden si stenetid.
- Det skal berre førast kontroll med 2 skjenkestadar pr. kveld i kommunen.
- Det skal brukast ulike kontrollørar for å hindre attkjenning.
- Kontrollane skal vere spreidd ut over året.

4.2 Kontrollplan for salsstadar:

- Kontrollen bør skje i slutten av salstida og då primært torsdag, fredag og laurdag.
- Det skal berre førast kontroll med 3 butikkar pr. kontrolldag i kommunen.
- Det skal brukast ulike kontrollørar for å hindre attkjenning.
- Kontrollane skal vere spreidd ut over året.

4.3 Reaksjonar på brot på alkohollova

Det er innført nasjonale retningslinjer for sanksjonar av brot på alkohollova og vilkår for løyvet. Desse er innarbeidde i planen jf. 8 Reaksjonar ved brot på alkohollova og vilkår for løyve.

5 SALS- OG SKJENKEGEBYR

Sal og skjenkegebyra i kommunen følgjer til ein kvar tid satsar sett i forskrift til alkohollova. Ved årsskifte skal løyveharar sende inn oppgåver over omsetjing av alkoholhaldig drikk føregåande år.

Elles gjeld følgjande sakshandsamingsgebyr for perioden:

- Ambulerande løyve : kr 340,-
- Einskildhøve : kr 1000,-.

6 KLAGE OG KLAGEHANDSAMING

Einskildvedtak som kommunen har gjort i medhald av alkohollova § 1-8 (inndraging) og kapittel 3 (kommunale salsløyve), kapittel 4 (kommunale skjenkeløyve) og kapittel 7 (gebyr) kan klagast inn for fylkesmannen [jf. alkohollova § 1-16](#). Kommunen skal som underinstans ta stilling til eige vedtak på nytt før saka eventuelt vert sendt til Fylkesmannen for endeleg handsaming.

Fristen for å klage på einskildvedtak er 3 veker rekna frå når vedtaket er motteke. Klagen skal sendast til kommunen.

7 RETNINGSLINER / KRITERIUM FOR TILDELING AV SALS- OG SKJENKELØYVE

Eit alminneleg løyve skal knytast til eit bestemt, definert konsept. Kommunestyret ønskjer ei restriktiv line med omsyn til utviding av konsept- og verksemdstypar som skal få skjenkeløyve, og ser på dette som eit element i edruskapspolitikken.

7.1 Følgjande verksemdar / driftskonsept kan få alminneleg skjenkeløyve :

- Hotell. Til hoteldrift vil det vere knytt restaurantar, diskotek, bar, nattklubb, selskapslokale og minibar på rom. Alle desse lokala vil vere ein naturleg del av vanleg hoteldrift, og vil verte omfatta av eit løyve. **Sommarhotell** er å tolke som større overnattingsstadar/internat, som har fått godkjenning som sommarhotell etter plan- og bygningslova for å drive hotellverksemd i sommarhalvåret
- Serveringsstad/overnattingsstad, gjestegard, gardsturisme, "kulturisme" i kombinasjon med servering av tradisjonsmat og/eller overnatting
- Restaurantar og enklare serveringsstadar
- Pub/bar
- Diskotek, nattklubb, restaurant med dans, konsertlokale
- Selskapslokale. Dette er lokale som i utgangspunktet har som driftskonsept å servere middagsgjestar i slutta selskap. Slike stadar kan få skjenkeløyve med alle rettar.
- Bowlinghall. Lokale med bowlingbane som hovudkonsept kan få skjenkeløyve, men på særlege vilkår knytt til skjenketid. Det skal ikkje skjenkast alkohol før kl. 20.00 av omsyn til born og unge.

- Særlege tilfelle. I særlege tilfelle og etter ei nærare vurdering kan kommunestyret gje løyve til andre typar av driftskonsept.
- Museum

7.2 Det vert ikkje gjeve alminneleg løyve til :

- Grendehus. Her kan det ved søknad gjevast løyve for slutta lag eller einskildhøve.
- Frisørsalongar/hudpleiesalongar/butikkar
- Arrangement som er retta imot barn og unge
- Undervisningsbygg
- Idrettsanlegg, idrettshallar og anlegg for mosjons- og idrettsaktivitetar.
- Konditori
- Galleri og utstillingar
- Arenaer som elles vert rekna som rusfrie

7.3 Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til :

- Arrangement som er retta imot barn og unge
- Skulebygg. I kombinerte bygg for skule og andre føremål kan det i særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.
[Jf. Opplæringslova § 9-5, 3. ledd.](#)
- Soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, badeland skisenter, ungdomsklubbar og idrettsarenaer i samband med idrettsarrangement
- Gatekjøken, kioskar og bensinstasjonar.

Kommunale arrangement skal alltid vere alkoholfrie.

8 REAKSJONAR VED BROT PÅ ALKOHOLLOVA OG VILKÅR FOR LØYVE

Reglane om prikktildeling og inndraging er nasjonale føringar nedfelt i Alkoholforskrifta jf. §§ [10-2](#) til [10-6](#). Desse gjeld der det er gjennomført kontroll i samsvar med [kapittel 9 i forskrifta](#), eller det er motteke rapport frå andre mynde og avdekt at løyvehavar ikkje har oppfylt reglane i alkohollova, reglar i medhald av alkohollova, alkohollova sitt føremål, eller vilkår for løyvet.

Prikkar	Regelbrot
8	<ul style="list-style-type: none"> sal, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år, jf. alkoholloven § 1-5 andre ledd brot på bistandsplikta, jf. § 4-1 andre ledd i denne forskriftabrot på krav om forsvarleg drift, jf. alkohollova § 3-9 og § 4-7 hindring av kommunal kontroll, jf. alkohollova § 1-9.
4	<ul style="list-style-type: none"> sal og utlevering til person som er openbart påverka av rusmidlar, jf. § 3-1 i denne forskrifta, skjenking til person som er eller som må rekne med å bli openbart påverka av rusmidlar, jf. § 4-2 fyrste ledd i denne forskrifta brot på sals-, utleverings- og skjenketidsregelverk, jf. alkohollova § 3-7 og § 4-4 skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år, jf. alkohollova § 1-5 fyrste leddbrot på alderskrav til den som sel, utleverar eller skjenkar alkoholholdig drikk, jf. alkoholloven § 1-5 tredje ledd.
2	<ul style="list-style-type: none"> det gis tilgang til lokalet til person som er openbart påverka av rusmidlar, eller personen som har løyve ikkje sørger for at person som er openbart påverka av rusmidlar vert fjerna frå staden, jf. § 4-1 i denne forskrifta manglar ved internkontroll til den som har løyvet, jf. alkoholloven § 1-9 siste ledd, jf. kapittel 8 i denne forskriftamanglande levering av oppgåve for omset alkohol innan kommunen sin frist, jf. kapittel 6 i denne forskriftamanglande betaling av løyvegebyr innan kommunen sin frist, jf. kapittel 6 i denne forskriftabrot på krav om styrer og vara for denne, jf. alkoholloven § 1-7 cgjenteke narkotikaomsetnad på skjenkestaden, jf. alkoholloven § 1-8 andre leddgjenteke diskriminering, jf. alkoholloven § 1-8 andre ledd.
1	<ul style="list-style-type: none"> brot på krav om alkoholfrie alternativ, jf. § 4-6 i denne forskrifta brot på regler om skjenkemengde, jf. § 4-5 i denne forskriftakonsum av medbrakt alkoholholdig drikk, jf. § 4-4 i denne forskriftagjester tek med alkohol ut av lokalet, jf. § 4-4 i denne forskriftabrot på krav om plassering av alkoholholdig drikk på salsstad, jf. § 3-3 i denne forskriftabrot på vilkår i løyvevedtaket, jf. alkohollova § 3-2 og § 4-3 brot på reklameforbodet, jf. alkoholloven § 9-2, jf. kapittel 14 i denne forskrifta andre lovbrotsom vert omfatta av alkohollova § 1-8 fyrste ledd, jf. blant andre alkohollova § 3-1 sjettedledd, § 4-1 andre ledd, § 8-6, § 8-6a, § 8-12 og § 8-13.

Dersom løyvehavar vert tildelt til saman 12 prikkar i løpet av ein periode på to år, **skal** løyvet inndragast i 1 veke. Dersom det i løpet av perioden på to år vert tildelt fleire enn 12 prikkar, skal lengda på inndraginga aukast tilsvarande.

Tidspunktet for fyrste regelbrotet skal leggestil grunn for utrekning av perioden på to år.

Perioden på to år gjeld uavhengig av om løyvet er fornya i løpet av perioden. Ved overdraging av verksemd startar ny periode på overdragingstidspunktet.

Likearta brot avdekt ved same kontroll skal vurderast som eitt einskilt brot.